
Saknr: 2020/49142-1
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020
Finansutvalet		28.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Finansiering av kulturbygg med regionale funksjonar

Forslag til innstilling

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å opprette ein budsjettpost under avdeling for kultur, idrett og inkludering til finansiering av større kulturbygg med regionale funksjonar ved budsjettarbeidet for 2021.

Samandrag

Vestland har mange kulturbygg med regionale funksjonar, eigd av museum, stiftingar, kommunar, fylkeskommunen og/eller andre. Tilboda i kulturbygga har høg kvalitet og regional interesse, og målgruppa og brukarane er innbyggjarar frå fleire kommunar. Kulturbygg med regionale funksjonar kan i 2020 søkje om tilskot via den spelemiddelfinanserte ordninga *tilskot til kulturbygg i Vestland*. Kommunale kulturhus, bibliotek, ungdomshus, grendehus, bygg for museum og andre lokale kulturhus søker også om tilskot frå denne ordninga. I 2020 er det budsjettert med 6,4 millionar kr i spelemidlar i ordninga, og det er i alt søkt om tilskot på 40,6 millionar kr til 57 kulturbygg i Vestland. Fylkesrådmannen tilrår at det bli oppretta ei ny tilskotsordning for kulturbygg med regionale funksjonar i Vestland frå 2021.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Spelemidlar til kulturbygg

Kulturdepartementet fordeler årleg spelemidlar av overskotet av statlege spel, gjennom tildelingar til idrett, friluftsliv, frivilligheit, kultur og andre samfunnsnyttige formål. Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er finansiert gjennom ordninga og blir lyst ut som ei tilskotsordning gjennom fylkeskommunane. I føremålet til ordninga står det:

Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan og gjevast til etablering av livssynsnytrale seremonirom.

Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygning, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Kulturdepartementet fordelte i april 2020 overskotet til statlege spel i 2019. Overskotet var på i alt 5,5 mrd. kr og vart fordelt slik (tala er i tusen):

Idrettsformål	2861,4
Kulturformål	804,8
Samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner	804,8
Helse- og rehabiliteringsformål	305,7
Totalt over tippnøkkelen	4776,7
Grasrotandelen	697,2
Bingoformalene	55,1
Tiltaksplan mot spilleavhengighet	15
Totalt til fordeling	5544

Midlane til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg er del av potten til *kulturføremål*. Avsettinga har vore gjenstand for store nedskjeringar og har minka frå 128 millionar i 2010 til 47 millionar i 2019. Midlane vert fordelt til fylkeskommunane for vidare forvaltning.

I 2019 vart det fordelt om lag 6,4 millionar kr i spelemidlar til kulturbygg i Sogn og Fjordane og Hordaland. Fordelinga til fylka i 2020 var ikkje klar då denne saka vart skriven. Midlane blir fordelt av hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte i september.

Tilskot til kulturbygg i Vestland 2020

Ved årets søknadsrunde er det kome inn i alt 57 søknader om tilskot til kulturbygg i Vestland. Total søknadssum er på 40,6 millionar kr. I Vestland fylkeskommune sitt budsjett for 2020 er støtta frå spelemidlar rekna til 6,4 millionar kr. Tildelinga av spelemidlar frå Kulturdepartementet er venta i mai. Av dei søknadene som er kome inn er fire frå regionale kulturbygg eller museum med regional funksjon:

- Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS søker om 1,168 millionar kr.
- Sunnfjord kommune / Førdehuset søker om 306 000 kr.
- Sogndal kommune / Sogndal kulturhus søker om 2,025 millionar kr.
- Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum søker om 1,5 millionar kr.

I retningslinjene for tilskot til kulturbygg er desse definert på følgjande vis:

Kulturbygg med regionale funksjonar kan eigast av ein eller fleire aktørar. Målgruppa og brukarane skal vera innbyggjarar i fire eller fleire kommunar. Funksjonane og kvaliteten på tilboda skal ha høg kvalitet og ha regionalinteresse.

Vestland fylkeskommune har i tillegg løyvd midlar til to kulturbyggprosjekt i budsjettet for 2020:


- Grieghallen: 3 336 000 kr.
- Sentralbadet scenekunsthus: 5 000 0000.

Løyvingane til desse to kulturbygga er finansiert med fylkeskommunale midlar og utanfor spelemiddelordninga. Grieghallen er eigd av Bergen kommune og Vestland fylkeskommune, med 50 % kvar. Prosjektet er fleirårig, og Vestland fylkeskommune må rekne med å yte tilskot til prosjektet vidare. Sentralbadet scenekunsthuss er finansiert av Bergen kommune, staten gjennom posten nasjonale kulturbygg og Vestland fylkeskommune. I alt skal Vestland fylkeskommune bidra med 100 millionar kr til prosjektet over ein 20-års periode.

I tillegg har fylkeskommunen i 2020 motteke direkte søknader om tilskot til andre større bygg med kulturføremål:

- Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MISF) har søkt om støtte til verne- og formidlingsbygg til Holvikejekta på Sandane. Prosjektet har ein totalkostnad på 32,8 millionar kr, der MISF har budsjettert med 10 millionar frå Vestland fylkeskommune.
- Griegkvartalet har i 2020 søkt fylkeskommunen om 2,5 millionar til forprosjekt for å utvikle Grieghallen og kvartalet rundt.

Tabellen nedanfor er henta frå anleggsregisteret og viser at behovet for tilskot til kulturbygg er stort i Vestland. Det er neste tre gongar så mange søkjarar i Vestland fylke som i neste fylke.



Fylkeskommunane vedtek retningslinjer for tilskotsordninga. Desse byggjer på Kulturdepartementet sine retningslinjer for Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. I retningslinjene vedtek fylkeskommunen mellom anna sine prioriteringar, og desse kan variere frå fylke til fylke. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningslinjene for tilskot til kulturbygg i møte 21. januar 2020, med desse prioriteringane:

- Lokale arenaer som samlar ulike kulturaktivitetar vert prioritert.
- Kulturbygg med regionale funksjonar har prioritert.
- Følgje kommunale prioriteringar så langt som råd.
- Kommunal medfinansiering av prosjektet er ein føremon.
- Geografisk breidde i tildelingane.
- Gjentakne søknadar som er godkjent i anleggsregisteret, men har fått avslag tidlegare grunna manglande rammer.

Vidare slår retningslinjene fast at lokale kulturbygg kan støttast med inntil 1,5 millionar kr innanfor ein 20-årsperiode, medan kulturbygg med regionale funksjonar blir vurdert frå prosjekt til prosjekt.

Fylkesrådmannen vurderer den store søknadsmassen i Vestland til å henge saman med ei langsiktig satsing på å støtte opp om både lokale og regionale kulturbygg i dei tidlegare fylkeskommunane. Andre fylkeskommunar kan ha prioritert den eine typen bygg framfor den andre.

Det er også svært mange kulturbygg i fylket. Etter det fylkesrådmannen er kjent med er det meir enn 1000 organisasjonseigde kulturhus i fylket (grendehus, ungdomshus, velhus, losjehus, bedehus o.l.). I tillegg kjem mange kulturhus eigd av det offentlege, stiftingar, aksjeselskap mfl.

Historikk

Tilskot til kulturbygg via spelemidlar har vore ei ordning i Norge i fleire tiår. Fram til 2010 vart det lyst ut to ordningar finansiert av spelemidlane: *Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg og regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur*. Søknader om tilskot til regionale møteplassar blei handsama av Kulturdepartementet og fylkeskommunane forvalta desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg.

Frå 2010 fekk fylkeskommunane utvida ansvar for forvaltninga av tilskot til kulturbygg. Løyvingane til regionale kulturbygg vart etter dette gradvis fasa ut, og det vart ikkje opna for nye prosjekt under ordninga. Midlar som vart løyvd til regionale kulturbygg etter 2010 var til prosjekt som hadde fått tilsegn om midlar før 2010.

Lokale kulturbygg og regionale kulturbygg har sidan 2010 søkt frå den éi tilskotsordning, forvalta av fylkeskommunane. Som ei følgje av dette oppretta Hordaland fylkeskommune ei eiga tilskotsordning til kulturbygg med regionale funksjonar frå 2010, for å kunne møte det store behovet for tilskot til kulturbygg.

Samtidig vart midlane til kulturbygg redusert frå nasjonalt hald, først og fremst som følgje av endring av nøkkelen for fordeling av overskotet frå statlege spel i 2014 (Prop 6 L). Spelemidlane blir først fordelt ved at 6,4 % blir sett av til helse- og rehabiliteringsføremål, deretter blir resten av midlane fordelt til idrettsføremål, kulturføremål og samfunnsnyttige og humanitære føremål. Tabellen nedanfor viser endringa som følgje av endra tippemiddelnøkkel frå 2014:

	Før 2014	Etter 2014
Idrettsformål	56 %	64 %
Kulturformål	26 %	18 %
Samfunnsnyttige og humanitære formål	14,9 %	18 %

Det er regjeringa som vedtek den vidare fordelinga av midlane til dei ulike formåla gjennom årlege budsjettvedtak. Kulturbygg høyrer under *kulturformål*. Innanfor denne potten blir midlane vidare fordelt til ei rekkje ordningar og tiltak, mellom anna kulturbygg, tilskotsordninga Frifond, Den kulturelle skulesekken, Kulturrom (tidlegare Musikkutstyrsordninga) og tiltak innan m.a. museums-, bibliotek- og musikkfeltet.

Dei seinare åra har tilskotet til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg variert, og blitt kraftig redusert. Tabellen nedanfor viser fordelinga sidan 2010:

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Desentralisert ordning for kulturbygg	56 420	51 720	47 020	63 734	96 234	125 000	128 115	99 700	49 700	49 700
Regionale møteplasser og formidlingsarenaer for kultur						8 000	7 000	25 000	75 000	75 000

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sidan 2010 hatt éi tilskotsordning til kulturbygg finansiert med spelemidlar. Hordaland fylkeskommune vedtok å etablere ei eiga tilskotsordning til kulturbygg med regionale funksjonar i 2010 med fylkeskommunale midlar i tillegg til tilskot til lokale kulturbygg med spelemidlar. Dei årlege budsjettløyvingane til tilskotsordninga for kulturbygg med regionale funksjonar har variert frå år til år, men Hordaland fylkeskommune har gått inn med til dels store summar til enkeltprosjekt. Her er to av dei største:

- Røkeriet USF verftet om lag 20 millionar
- Oseana kunst- og kultursenter om lag 12 millionar

I tillegg har både Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune finansiert delar av kulturbygg ved bygging og rehabilitering av vidaregåande skular. Fylkeskommunane har også

vore med å finansiere sjølvinitierte tiltak knytt til mellom anna musea. Fylkesrådmannen ser behovet for ei eiga ordning for regionale kulturbygg med vedtekne retningslinjer og offentleg utlysing.

Andre offentlege tilskotsordningar til kulturbygg

Kulturdepartementet lyser årleg ut ei tilskotsordning til nasjonale kulturbygg (kap. 322, post 70). Departementet omtalar ordninga på følgjande vis:

Tilskuddene til nasjonale kulturbygg skal bidra til bygningar og lokaler for institusjoner og tiltak som har en nasjonal oppgave, en landsomfattende funksjon eller en viktig landsdelsfunksjon.

Kulturdepartementet har også oppretta tilskotsordninga *Kulturrom* (tidlegare Musikkutstysordninga), som skal sikre tilgang til rom med gode tekniske vilkår for øving og framføring av musikk, teater og dans over heile landet.

Kulturrådet har ei støtteordning til kulturbygg med namnet *ARENA* (tidlegare Rom for kunst).

Kulturbygga si rolle og status

Både dei lokale og dei regionale kulturbygga er viktige møteplassar for innøving og utøving av kultur, som arenaer for amatørkulturen og det frivillige kulturlivet og som arenaer for det profesjonelle kunst- og kulturlivet. Kulturbygga er møteplassen i lokalsamfunnet og staden for dei store kulturopplevingane. Mangfaldet og aktiviteten i kulturbygga er stor. Samtidig krev både brukarar, kulturutøvarar og publikum hus med moderne, gode fasilitetar. Behovet for modernisering, ombygging og tidvis nybygg er stort, og dei offentlege midlane er små. Det blir lagt ned svært stor dugnadsinnsats i mange av kulturbygga og det er mange private som bidreg.

Det er stor forskjell mellom eit grendehus på bygda og Grieghallen i Bergen. Begge bygga er likevel viktige, og krev midlar til modernisering og utvikling. Det offentlege må vere med og ta sitt ansvar her, for å kunne legge til rette for kulturlivet. Fylkeskommunen kan ta dette ansvaret gjennom mellom anna tilskotsmidlar.

Kva rolle skal fylkeskommunen spele når det gjeld utviklinga av kulturbygga med regionale funksjonar? Fylkeskommunen er medeigar i enkelte kulturbygg og har eit særleg ansvar for kulturaktiviteten ved musea. Dei fleste regionale kulturbygga er eigd av kommunar og har ein regional funksjon og verdi ved å ha innbyggjarar frå fleire kommunar som målgruppe og brukarar, samt ha tilbod av høg kvalitet og med regional interesse. Fylkeskommunen har ei viktig samfunnsutviklarrolle ved å stimulere til gode arenaer for kunst og kultur.

Vestland fylkeskommune mottok søknader om tilskot til kulturbygg med regional funksjon både gjennom den spelemiddelfinansierte spelemiddelordninga og gjennom søknader rett til fylkeskommunen utanom ordinært utlyste tilskotsordningar. Fylkesrådmannen ser behovet for ei avklaring på korleis fylkeskommunen skal handtere dei større søknadene om tilskot til regionale kulturbygg.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtaket i saka vil ha verknad for budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Kulturbygga rommar aktivitet som har positiv effekt på folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* har satsing på kulturbygg som viktige mål og tiltak.

Konklusjon

Kulturbygga er svært viktige arenaer som møtestader i lokalsamfunna, for frivillig kulturliv, amatørkulturen og profesjonelt kunst- og kulturliv. Det er stor skilnad mellom dei mindre lokale

kulturbygga og dei store regionale eller nasjonale kulturbygga. Det er likefullt viktig å legge til rette for utvikling, modernisering og løft av både dei små og store kulturbygga.

Midlane til kulturbygg gjennom spelemidlane er små og har blitt redusert over tid, og det er ei underfinansiering på området. Hordaland fylkeskommune har frå 2010 til 2019 hatt ei tilskotsordning til kulturbygg med regionale funksjonar, for å kunne finansiere større prosjekt. Tilskotet gjennom spelemidlar kunne dermed kanalisert direkte til lokale kulturbygg, utan konkurranse frå regionale kulturbygg. Tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar ramla bort i samanslåinga til Vestland fylkeskommune. Like fullt får fylkeskommunen inn søknader om midlar til regionale kulturbygg både innanfor ordninga som er lyst ut og som direkte søknader utanom vedtekne tilskotsordningar. Fylkesrådmannen ser behovet for ein klarare praksis gjennom ei tilskotsordning som blir lyst ut offentleg med vedtekne kriterium og retningslinjer.

Fylkesrådmannen vil få merksemd på både dei lokale og regionale kulturbygga ved å etablere ei tilskotsordning for regionale kulturbygg.